

Når ingen lenger møter til dugnad

Velferdsstaten har ofte vore samanlikna med ein dugnad. Kommunane er førstelinja i denne velferdsdugnaden og i folks liv. Men kva skjer når stadig fleire mister trua på dugnaden og ikkje møter opp?

No kjøper middelklassen seg fri – dei reiser til syden tre gonger i året eller til fjells – og resten står att med brotne løfter og dårlegare tenester. Slik blir kommunane veldig upopulære.

I tillegg er alt så dyrt at kommunen kuttar i tilbodet. Stadig fleire tenester må kjøpast til flytande marknadspris, men skal betalast med faste, knappe overføringar frå staten. Då går ikkje rekneskapen opp. Folk må vente, eller miste tilbodet. Slik forvittrar tilliten – og dugnaden.

For å bøte på ubalansen skal kommunane no ta ned forventningane i håp om å spare pengar.

Kan kommunane ta fleire «grep?»

Professor Christian Lo ved Nord universitet skreiv nyst i kronikken *Ryker forventningene, ryker velferdsstaten*, at velferdsstaten står i fare når middelklassa ikkje lenger trur at dei får noko att for skatten dei bidreg med. Då trekkjer dei seg ut – og systemet raknar i mangelen på støtte og pengar. Lo viser til den danske sosiologen Esping-Andersen som lærte oss at vår nordiske modell kviler på deltaking. Her stiller vi på dugnad, fordi vi veit at fellesskapet stiller opp for oss den dagen vi treng det.

Samtidig ser vi ein destruktiv retorikk breie om seg som ei mørk sky over denne avgjerande støtta. Kommunane må «ta grep», kutte, effektivisere. Statsforvaltarar, statsrådar og partileiarar gir beskjed – tilsynelatande utan å bry seg om konsekvensane. KS reiser rundt og ber kommunane «ta ned forventningane» til eigne tenester. Men kommunane skaper vel ikkje andre forventningar enn det innbyggjarane har rett til i det systemet vi har? Og det er vel rekna som velfungerande. Ja, verdsleiande som samfunnsystem. «Look to Norway.»

Er effektive kommunar billegare?

Handelshøgskuleprofessor Bernt Sofus Tranøy har peika på korleis vi er fanga av ein «marknadsfundamentalisme» – kanskje ei myte – men, som *utan* motstand – påstår at marknads- og butikk/hushaldningslogikken i offentleg sektor er både rettferdig og effektiv. Men det er den ikkje – verken for dei som *har* minst, eller dei som *betalar* mest. Likevel kvernar ein populistisk retorikk om stadig nye former for sentraliserte foretaksmodellar og interkommunale selskapsformer som vi skal bruke som sjablongar for barns skulegang og eldres omsorgsbehov. Dei sterke kjenslene til nokre av desse fundamentalistane er som skylappar. Fundamentalistane overser at marknadsprisen og -modellane pressar dei offentlege kostnadene oppover. Særskilt i verdas dyraste land. Ein opprettheld ikkje støtte og betalingsvilje for ei teneste ein bygg ned forventningane til. Eller sagt på ein anna måte. Det hjelp ikkje å ta ned forventningane og samstundes forvente at folk skal betale meir. Då blir det iallfall upopulært.

Ryk kommunen, ryk demokratiet

På Hjørungavåg fekk dei klapp på skuldra frå kommune, fylke og staten sjølv. På vikingsetet har folk drive jord, utvikla industri og bygd lokalsamfunn i 5 500 år. I dag er dei blant dei største eksportørane på øya med idrettslag, snart hundre skuleelevar, stor landbruksproduksjon – og i tillegg ei framtid i turisme direkte knytt til si lokalhistorie. Likevel vert slike stader sett på som lite berekraftige i framtidas velferdsstat. Det heng ikkje på greip. Like eins i Haddal, på Leikong og over heile landet. Er den «nye forventninga» at slike stader skal bort?

No trur eg vi snart må få tilbake trua på kommunane og suksessbygdene rundt. Visst ikkje endar vi slik som mange vestlege land som slit med demokratiet fordi dei gløymde, gav blaffen eller gav opp kommunane og velferdsstaten. Ryk velferdsstaten, ryk demokratiet.

Kristian Fuglseth